

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Laudal

Emne: Julenissen

Bygdelag: Øvreheia

Oppskr. av: O. G. Bruskeland

Gard: Bruskeland

(adresse): Mandal

G.nr. 8 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Vårt nok litt omtala i heimen, men blei først først for alvår kjend ved første juletrefest på Bruskeland 1888 ved julekort med julenisse og grautfat, på låven, og at julenissen kom med julegåver til snille og lydige barn. Me fekk gåver, men læraren delte dei ut. Det vilde nok nerast ha vore "ukristelig" eller lite høvelig om ein "utkledd" nisse hadde gjort det. Det var først 10-15 år seinare at det gjekk ann <sup>til</sup> å klæ ut ein nisse med maske og raud topplue <sup>vå</sup> gjera det. for å vekja meir undring og mora og millom anna med gjetting om kven som var nisse. Ved julekort, julehefter er nissen nå blitt ålment kjend.
2. Det vanlege er nok bare små julegåver-godter og smågjenstande. Han har dei i pose eller sekks. Ved besøk i heimane er det vanleg at han skal traktes t.d. med kaker, frukt o.lign. som han tek med seg.
3. Barn eller voksen med humør og flink til å snakke. Ein voksen skal helst vera liten ~~av nedsitt~~.
4. Kvit, langt skjegg, rød topplue, knebukser og sokkeband med dusker i umse farger. Kufta så ymse, men mest mogeleg utan om det vanlege.
5. Julemaskene kjøpes. Utstyret ellers lager ein sjøl.
6. Ja, i allfald gutane. Vanleg også jentene, men dei kan også ha anna hovedplagg. Det gjeld å vera så ukendeleg som mogeleg.

7. På fester deler julenissen ut julegaver. Ved besøk i privat huse hender det nok også dersom ein skilde i huset serleg skal huskes på. Grunnen til det kan vera så ymse. t.d. for å få meir moro eller for å få sers oppmerksomhet fra den som fær gava.
8. Frå først av var nok nissen sett i samband med tuftegubben eller julebukken som frå gammalt skulde visast oppmerksomhet julekvelden.  
det
9. i 80-90 årene var ~~virk~~ ofte framstilt slik at julegavehe kom på ein måte ved julenissen eller julebukken. Korleis forholde mellom desse egentlig var kan eg ikkje seia no-  
~~da~~ ko om. Det var "julebukken" som ~~vær~~ mest på tale. Det var vanleg tale at fire veker før jul tok han plass i stova i det eine hjørne. Når ei veke var gått flytta han til neste hjørne, - neste til 3-je "med sola" for så fjerde-fjerde-eller julekvelden å ta plass i høgsæte. I desse 4 vekene holdt han øie med forberedelser til julen og serleg om barna var lydige og flinke for det hadde mykje å seia korleis det blei med julegåvene. og med jula ellers.

Ordet julebukk er nå gjengen mest heilt ut. Det er bare mest ~~vatt~~ i å gå "julebukk"

5379

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING